

# *Spesielle minne frå oppvekstår på Haramsøya under den andre verdskrigen.*

*av Jostein Ullahammer*

Då krigen kom til Norge i april 1940, var vi som då nesten hadde nådd skulepliktig alder, for små til å få med oss hendingane i Europa dei siste åra før krigen braut ut. Dette var særleg Tyskland sitt val av Adolf Hitler som Reichskanzler, Den spanske borgarkrigen 1936 – 39 og hendingane med Østerrike i 1938 og Tsekkoslovakia i 1939. Derimot var vi store nok til å tyde vaksne folk rundt oss sine reaksjonar då tyske troppar på brei front marsjerte inn i Polen 1. september 1939, og likeeins høyre rykta om dei tapre finske soldatane under Vinterkrigen 1939 – 40.

Det som skulle endre kvardagen også for oss små, var då operasjon "Weserübung" vart sett i verk natt til 9. april, der tyske troppar tok seg inn i norske fjordar og gjekk i land i 8 norske byar frå Egersund i sør til Narvik i nord. Dette kom heilt overraskande på det norske forsvaret. No var Norge i krig med Hitler – Tyskland. Det heilt nye var flyaktiviteten i lufta, synet av store krigsskip utanfor kysten, påbod om blindingssgardiner og forbod mot alt utelys om kvelden og natta. Noko uvanleg og også nytt var at ungdommar i bygda vart innkalla med ordre om snarleg frammøte då mobiliseringa av landet vart iverksett like etter den tyske invasjonen.

Norge sine små militærstyrkar kunne ikkje stå imot den store massive tyske krigsmakta. Likevel skulle felttoget i 1940 kome til å strekkje seg til om lag 2 månader. Men då kong Haakon 7., kronprins Olav, Regjeringa og deler av administrasjonen reiste frå Tromsø med den britiske kryssaren "Devonshire" 7. juni for å ta opphald i London, var den norske kapitulasjonen så godt som eit faktum. Det første krigsofferet i Haram var Harald Lausund frå Lepsøya. Han fall på Dombås ei veke etter krigsutbrotet. Dette gjorde eit sterkt inntrykk også på naboøyane. Etter kapitulasjonen var den tyske krigsmakta straks i gong med å få etablert både forsvarsverk og observasjonspostar på heile den lange norskekysten.

Eg vaks opp på Ulla, den vesle bygda på nordsida av Haramsøya. Hit kom tyskarane ganske fort med ein vaktstyrke

på den viktige utkiksposten, Ulla fyr, som ligg på den då omflødde Kvernholmen. Det var kort avstand til vestgrensa for bygda si dyrka jord. Det daglege synet av tyske soldatar med Mausergevær og offiserar i formsydde uniformer – ofte med skaftestøvlar og væpna med revolver -, kom som eit brått og uventa sjokk på dei fleste i bygda.

Rett nok var ikkje Ullafolket heilt ukjende med tyskarar. Eit par år før krigen ankra det tyske passasjerskipet "Kaiser" opp ytst i Longvafjorden i fleire veker. Ulla var då arena for deler av tysk filminnspeling med tilrigga scene og fisketorg. Lokalbefolkning i rett alder vart brukte som statistar. Men no – sommaren 1940 – var situasjonen heilt omsnudd. Alle hadde sine tankar, men ingen i bygda hadde det klart føre seg kva haldning dei skulle ta, eller kanskje innrette seg på, med det å ha ei framand krigsmakt så tett inn på livet.

Den første tyske militærsjefen på Ullafyret, var ein røynd frontoffiser frå første verdskrig. Han ville ha eit så godt forhold til folket på Ulla som mogleg, trass i den dåverande situasjonen. Han kunne ikkje mange norske ord men greidde å lese bygdefolket sine tankar. Han sette straks standard for det tysk / norske naboskapet: Dersom Ullafolket heldt seg passive og omgjekk dei tyske soldatane med respekt og vanleg god folkeskikk, skulle tyskarane gi garanti for at alle kunne føle seg trygge. Då vart det heller ingen razzia eller husokkupasjon i bygda, og slik vart det heile krigen til ende.

Då den tyske vaktstyrken kom til Ullafyret, vart det oppsett ei forlegningsbrakke like vest for der det store bustadhuset står i dag. Forsvarsverket elles omfatta eit solid piggrådgerde rundt heile Kvernholmen, forsterka med nedgravne jordminer. Vidare var der strategisk plasserte kanon- og mitraljøsestillingar og eit kraftig lyskastaranlegg med stor rekkevidde. Kvernholmen hadde nok eit militært bra vern frå sjøsida men var heller sårbar frå lufta. I det okkuperte Norge var der mange hendingar, mellom desse også arrestasjonar av unge studentar ved høgskular og universitet. Mange vart sende til krigsfangenskap i Tyskland.

Morbroren vår, Johan G. Ulla, studerte ved Norges Veterinærhøgskole i Oslo. Han såg faren tidsnok. Han rømde frå byen og oppheldt seg med falskt namn som gardsdreng hos slekta vår på Vigra. Vi budde på Mettegarden i det gamle Ullatunet. Vi var 4 søsken og hadde stor gard. Mor, Antonette,

var odelsjente. Ho hadde gått på folkehøgskule og husmorskule. Far, Ole, dreiv fiske men tok seinare agronomutdanning. Foreldra våre var derfor godt rusta til å drive gard. Vi hadde alltid tenestetaus på garden. Dei var dugande ungjenter og kom oftast frå ei av naboøyane. Fleire av dei fann seg ektemann på Haramsøya, og dei var vennene til foreldra våre livet ut.

Då eg begynte i 1.klasse på den to – delte Ullaskulen, var eg heldig å få den faste læraren som var ved skulen. Dei eldre elevane fekk derimot etter ei tid ein ny lærar som var ihuga nazi – sympatisør. Han var ein rett pedagog for den oppveksande generasjonen i Noreg etter okkupasjonsmakta sitt syn. Ja, vi borna hadde vår kvardag. Det var nok verre for ungdommane som hadde framtidsplanar. Mange planla p.g.a. okkupasjonen å forlate landet til krigen ein gong var slutt. Dette var nok grunnen til at M/B "Ulabrand" ( M – 38 – H ) 16.mars 1941 la ut frå Austnes med 7 ungdommar om bord. Målet var Shetland. Den 38 fot store fiskebåten var tidlegare eigd av godfar vår, Gustav S. Ulla, men vart før krigen seld til Peder O. Austnes. Desse var med båten til Shetland: Per Austnes, Sevrin Larsen, Trygve Remme, Erling Longva (maskinist), Alf Årseth, Martin Gundersen, som hadde navigasjonskurs og var skipper og Leidulf Refsnes frå Stadtlandet. Han arbeidde på Vestre Orgelfabrikk. Han kom tilbake dit etter krigen.

Sjøreisa til Shetland tok 4 døgn. Det kunne lett ha enda med ei tragedie fordi dei undervegs fekk brann i maskinrommet. Det som redda situasjonen, var at sildegarnkabelen (eit tjukt kokostau) ikkje var teken på land etter vintersildefisket. Kabelen skulle vise seg å vere eit særst godt hjelpemiddel til å få sløkt brannen. "Ulabrand" kom aldri tilbake til Norge.

Gardbrukarane på Ulla var ikkje så viljuge til å selje varer til tyskarane på fyret. Det vart likevel slik at ein av naboane våre selde mjølk, poteter og grønnsaker til vaktstyrken. Tørrprovianten kom i store trekasser låste med hengelås med rutebåten frå Ålesund. Alt anna gods var hemmeleg og vart lossa direkte på fyret frå militære fraktesbåtar. Folk heldt seg klokeleg langt unna når desse båtane låg oppankra ved Kvernholmen.

Rutebåten til Nordøyane gjekk alle yrkedagar frå Skansekaia i Ålesund klokka 4 om e.m. Båten stoppa på alle øyane og delvis på fastlandet. Siste stopp var Steinshamn på Harøya, retur til byen tidleg neste morgon. På Flem og Ulla var der ikkje kai, så der måtte rutebåten ekspederast med fløttbåt. Flemskarane kunne til tider ha ein lei vind å stri med, men dei slapp dei farlege grunnbrota som kom inn det opne Ullasundet med stor kraft, noko Ullakarane hadde stor respekt for når det storma som verst. Mjølke i store spann, varer av alle slag, post, passasjerar og dyr høyrde med til til den daglege last på båtane. Dei gamle dampbåtane ein såg mest på Nordøyruta den tida, var "Eira" og "Møringen". Fast styrmann på "Møringen" under krigen var Nicolai Egset frå Volda. Med sløkte fyrlykter og berre med enkle hjelpemiddel som kursbok, klokke og kompass, men med skarpsyn mest som ein falk, var det ingen som på uversdagar kunne halde rutetida slik som han.

Når havet utanfor Ulla var særleg opprørt og ekspederinga ferdig, ville styrmann Egset helst sjå at Ulla – karane kom seg velberga i land. Egset kjende lunene til Ullasundet. Var det minst halvflødd sjø, tok han ofte fløttbåten på slep langs skutesida av "Møringen" frametter leia. Frå brua følgde han nøye med, og når han såg det rette løyet og ropte: "La gå!", vart tampane kasta, og fløttkarane var vel framme i den rette støa berre etter nokre åretak. Rutebåten hadde då berre ein god fot med sjø under kjølen og bakka hardt for å kome seg på djupare vatn, før kursen vart sett mot aust. På slike dagar ga Egset gjerne fyrbøtaren ordre om nokre ekstra skuffer med kol på kjelen. "Møringen" la derfor snart etter seg eit tjukt, mørkt røykteppe som fylte heile Ullasundet der båten stemnde på sin daglege siglas mot byen, med Austnes som første stopp – og berre nokre få minutt etter ruta.

Då vi kom til den andre krigsjula, var det nok mest mjuke pakkar med heimestrikka og heimegjorde ting under juletreet i dei fleste heimar. Slik var det også hos oss. Likevel hugsar eg denne jula spesielt godt, fordi eg då fekk eit par nye, flotte ski, som eg hadde stor glede og nytte av både denne vinteren og dei snørike vintrane som kom seinare i krigen. Utanom butikk hadde vi både skreddar og skomakar i bygda. Det var ein god ting, for etter kvart som tida gjekk, vart det mest uråd å få kjøpt nye klede og sko. Alle brukte ting måtte omsyast og reparerast så lenge det fanst bøtevon.

20.april 1942 kom eit britisk fly i tjukk skodde ut av kurs og havarerte i ein fjellvegg mellom Ulla og Haram. Alle dei 4 om bord omkom. Denne ulykka er omfattande markert og referert i media tidlegare. Fram til sommaren 1942 syntest alt å gå Hitler og Tyskland sin veg i krigen. Dei okkuperte landa vart kua deretter. Ved vaktskifte eller når det kom nye soldatar til Ullafyret, kom dei som regel med rutebåten frå Ålesund. Dei gjekk i land på Austnes og måtte spasere til Ulla. Ofte hadde dei rikeleg med drikkevarer. Fleire av soldatane var derfor godt rusa når dei kom til Ulla. Her slo dei gjerne om i marsjtakt, og kjende krigssongar som "Deutschland, Deutschland uber alles" og "Wir fahren gegen Engeland" ljoma høglydt gjennom bygda.

I 1942 fekk vi ny lærar. Det var Laura Vinsrygg frå Nordfjord. Ho avløyste Anna Rørvik frå Vigra. Laura Vinsrygg kom frå ein post i Finnmark. Ho hadde med seg samehunden Sampo. Han låg musestill i ei krå i timane og var ein populær leikekamerat i friminutta. Vinsrygg må få karakter som ein god lærar. Ho får ingen trekk for sin utradisjonelle måte å kle seg på dei dagane ho kom til skulen i ei spesiell skinnjakke og tresko. I klasserommet var det ro og orden. Hende det at det oppstod uro som tangerte tålegrensa, vart det trampa så hardt med eine treskoen, at vanleg ro var gjenoppretta nesten før vibrasjonen i golvet hadde lagt seg.

Den tredje krigsjula var over, og vi gjekk inn i ein kald vinter med mykje snø, skigåing og andre uteaktivitetar. Ein fin, klar vårdag i slutten av mars 1943 såg nokre få av oss på Ulla ein litt uvanleg type båt kome roande inn Nogvafjorden. Han var synleg berre ei kort stund før han vart borte bak Flemlandet. Nokre dagar seinare såg vi frå klasserommet at det krydde av framande tyske soldatar i fullt krigsutstyr i Ullatunet. Brått banka det hardt på døra, og inn kom to tyske soldatar. Førings soldaten vende seg straks mot læraren: "Sprechen Sie Deutsch?". "Ja, ein wenig," svara ho. Soldaten bad om stopp i undervisninga og tømning av klasserommet, fordi skulehuset kunne gøyme på heilt ulovlege element, som han sa. Læraren sa dette var grunnlaust. Ho viste seg heilt passiv. Då retta soldaten geværmunningen på våpenet sitt opp til hovudet på læraren og sa med skarp røyst: "Sie haben nur eine halbe Minute" (Du får berre eit halvt minutt.) Dette språket forstod vi. Vi styrta på dør for å kome oss ut i det fri. Etter oss hørde vi

læraren sine klaprande tresko med ein lett knurrande Sampo på slep.

Det var særleg skuleloftet soldatane ville saumfare, men etter å ha romstert der ei stund, kom dei ut og sa at undervisninga kunne halde fram. Det vart så som så med konsentrasjonen resten av dagen, for over alt var det soldatar som tok føre seg alle hus, lør, sjøhus og naust. Deretter gjekk turen til Ullaholmen og det store fjellpartiet mot Haram. Dei fann ingenting, trass i leiteaksjonar over store område langs kysten. Først ei tid etter krigen var over, kom svaret: Den legendariske Nordsjøskipper under krigen, Leif A. Larsen frå Bergen, best kjend som Shetlands - Larsen, var på retur til Shetland etter illegalt oppdrag i Noreg då båten hans, "Bergholm", vart senka av tyske fly 100 nautiske mil nordvest av Frøya 23.mars 1943. I ein kuleskada livbåt på 16 fot, som var provisorisk reparert med seglduk, rodde Larsen og dei overlevande av mannskapet den lange vegen til Mørkekysten. I Støene på nordsida av Flem var første staden dei tok kontakt med folk etter å ha nådd land. I ly av nattemørket tok dei seg over det minelagde Lepsøyrevet til kjende kontaktpersonar i Søvika. Deretter Torholmen og vidare til opphald om bord i ein fiskebåt på sørsida av Vigra. Seinare vart dei berga av ein MTB - båt frå den brattlende øya Skorpa i Herøy kommune. Dei vart losa tilbake til basa si i Lerwick på Shetland.

Under krigen gjorde Leif Larsen 52 til dels dramatiske turar over Nordsjøen og var etter krigen Noregs mest dekorerte sjøoffiser. At den tyske vaktposten i tårnet på Ullafyret - med sitt gode kikertutstyr - ikkje oppdaga den lett synlege livbåten i Nogvafjorden og slo alarm, vart i ettertid rekna som ei av krigens mange uløyste gåter.

Vi var ikkje store gutane før vi meistra livet i robåt. Vi kunne også kunsten å fiske. Ullasundet var fullt av fisk, særleg småsei og lyr. Dit kom også stundom tyske soldatar frå fyret for å få seg kokefisk. Dei hadde sjeldan med reservevegn. Hørde vi dei rope til oss: "Können Sie mir bitte helfen?" - om vi kunne hjelpe - forstod vi straks at dei hadde vore i botnen og fått øydelagt fiskeutstyret sitt. Og hjelpe dei kunne vi. Under framtofta på vår båt var der eit lite skrin med lokk, og der var som regel både litt snøre, sen, små blylodd og eit bra utval av fiskekrokar. Betalinga vi fekk, kunne vere drops eller sjokolade. Vart ein pakke sigarettar kasta over i båten vår, hørde vi dei

rope: "Hier ist ein kleines Geschenk für ihr Vater." – ei lita gåve til far dykkar. Men sigarettpakken kom aldri fram til nokon far. Nei, i krigens vareknappe tid var dei tyske sigarettane gode å ha på lur for å kunne kjøpe oss ut av eit knipetak – særleg når vi kom i klammeri med større gutar. Ein sein haustdag 1943 bles det opp til full sørvest storm, og Ullasundet viste seg frå si aller verste side. Dei tyske soldatane måtte alltid nytte robåt når dei hadde ærend til bygda. Denne dagen skulle ein av dei eldre på ein slik tur. Han undervurderte vindstyrken. Robåten hadde enten tippa eller skore over slik at han vart fylt med sjø. Soldaten brukte all sin styrke for å kome seg i land, men då dei siste reservane hans tok slutt, dreiv han med båten heilt hjelpeslaus mot dei farlege sjøbrota ytst i Ullasundet og den sikre død. Her var det berre snakk om tid. Situasjonen vart snart oppdaga frå bygda. Nokre karar samla seg ved nausta, men ingen ville våge sitt eige liv for ein tysk soldat. Då kom Hans, eigar av Sjurgarden, og ville vite kva slags nøling det var dei dreiv med. "Nei, her på Ulla står me ikkje og ser på at nokon misser livet sitt på sjøen utan å prøve berging. Det vere seg venn eller fiende. Sjå til å få ein stor båt på sjøen, og det i ei viss fart," sa han bestemt. Når Hans, som sjølv hadde ein son i tysk krigsfangenskap, kunne ta ei slik uredd føring, var saka avgjort. Den største og beste båten kom fort på vatnet og vart innlasta med ballaststein til Hans sa stopp. Så la båten frå støa med seks handfaste karar ved årane, og Hans med ei styreår i bakskuten.

For oss gutane var dette dramatisk og stor spenning. I dei verste stormkasta vart bergingsbåten lagd mot vinden og var ofte usynleg i sjøróket. Men så såg vi at soldaten vart berga, og vi pusta letta ut. Den tyske robåten fortsette si ferd mot Ullaholmen, der han blei knust til pinneved. Då bergingsbåten kom tilbake i støa, var den tyske soldaten meir død enn levande. Han kunne ikkje stå på eigne bein. Men Sjur – Hans visste råd. Han slo soldaten hardt og lenge på ryggen. Til slutt kasta mannen opp alt sjøvatnet han hadde fått i seg. Deretter tok to menn han mellom seg og sprang fram og tilbake heilt til pust og blodomløp kom i gong og verka normalt. Det å berge ein fiendesoldat frå den visse død, var ein ting, men å ta ein slik person inn i sitt eige hus, ja, det var noko anna og heilt utenkjeleg. Fyrvaktaren og kona som vart jaga frå fyret i 1940,

og som no leigde seg husrom i bygda, måtte derfor ta mot den tyske soldaten og gi han oppvarming og tørre klede.

Den tyske sjefen på Kvernholmen var svært imponert over det vågemot og den sjødugleik som Ullakarane kunne vise ved at den hjelpelause tyske mannen kunne reddast under slike heilt ekstreme vertilhøve, der han sjølv denne dagen hadde vurdert sin soldat som tapt. Nokre dagar seinare vart derfor soldaten send til bygda for å takke redningsmennene sine, der alle blei lova "Reichlich mit Snaps für der Christabend" – ein god dram til jul. Born har ofte sine eigne tankar, og slik var det også med oss. I krigen hørde vi ofte om den beinharde disiplinen i den tyske hær og soldatane sitt ansvar for våpena sine. Spørsmål som dukka opp oss imellom – og som vi aldri fekk svar på var dette: Ville den berga soldaten bli trekt i løna si for å kunne betale Mausergeværet han miste ikkje i strid på slagmarka, men i sin desperate kamp for livet i ein robåt ved Ullafyret?

I den siste fasa av krigen nytta den tyske okkupasjonsmakta seg av "den brente jords taktikk" under tilbaketrekkinga i nord. Det resulterte i at Finnmark og store deler av Nord – Troms vart nedbrende og totalt øydelagde. Flyktingstraumen av dei mange tusen heimlause vart også derfor stor sørover i landet. Den dåverande heradsagronomen for Haram og Vigra med kontor på Vigra var ein sentral person som fekk i oppdrag å finne mogleg husrom til folk nordfrå i vår kommune. I krigen som ofte elles hadde alle nok med sitt og sine, og agronomen stanga mest mot ein vegg – som det heiter. Etter ein mellomting mellom bøn og press mot far, sa foreldra våre ja til å ta mot ein krigsflykting nordfrå. Slik gjekk det til at ungguten Rudolf frå eit fiskevær i Aust-Finnmark, kom til oss våren 1944. Han var ein av dei om lag 50000 som på ein eller annan måte vart råka av den ufattelege tragedien som då fann stad i vår nordlege landsdel. Rudolf kom til oss med same kjenneteikn som krigsflyktingar flest – han var sliten og forfallen. Han fekk status som dreng, slik at agronomen kunne ordne rekvisisjonar og kjøpeløyve som måtte til for å få kjøpt klede og sko både til arbeid og fritid. Rudolf hadde aldri sett sin fot på ein gard og visste derfor knapt skilnad på spade og greip. I det daglege arbeidet på garden måtte han ha opplæring heilt frå grunnen av. Det var far som tok seg av dette med stort tolmod og offervilje.

Ved dei allierte sin vellykka landgang i Normandie på den franske kanalkysten 6.juni 1944, var Tyskland som stor krigsmakt for alvor blitt driven på vikande front. Nordøyane sin store ulykkesdag var tysdag, 24. oktober 1944 då rutebåten "Eira" ved eit mistak vart angripen av allierte fly kort tid etter ar båten hadde gått frå Lepsøya. Eg tek her med berre namna på dei som av 14 var døde eller døyande etter angrepet, og som kom frå Haramsøya. Frå Ulla omkom eigar av Larsgarden, Karl K. Ulla, frå Austnes kjøpmann Karl Olsen og Astrid Nogva, frå Haram Sverre Haram frå Nystadgarden og Anna frå Framgarden. Ho var gift Halvorsen og budde i Ålesund. Eira-ulykka sette mange og djupe spor etter seg i lang tid på øyane.

Om ettermiddagen same dag kom flya tilbake frå havet og gjekk til angrep på Ulla fyr. Soldatane prøvde først å forsvare seg men gav opp etter kort tid. Overmakta vart for massiv. Den tyske vaktposten i fyrtårnet blei såra men berga livet. I løpet av kvelden og natta brann Ullafyret og den gamle fyrvaktarbustaden ned til grunnen.

Snart var den siste krigsjula over, og vi gjekk mot ein ny vår og den lenge etterlengta frigjeringsdagen, 8.mai 1945, då krigen i Norge var over. Den ulovlege radiolyttinga som under krigen forekom nesten overalt, vart ikkje gjort på Ulla fordi folk følte dei hadde den tyske okkupasjonsmakta for nær inn på livet. I maidagane tok vi oss derfor turar til sørsida av øya, helst til Åkre, for å få med oss dei mest populære radiosendingane.

Snart kom dagen då ei norsk militærgruppa kom til Ulla for å avvæpne dei tyske soldatane. Leiar for den gruppa var kaptein Arnfinn Roald frå Vigra. Han var søskenbarn til mor, og ein av seks brør som var i utanlands krigsteneste. Alle kom uskadde heim etter krigen. Då oppdraget på Kvernholmen var unnagjort, måtte sjølvsgt Arnfinn etter fem lange krigsår innom oss for å helse på mor og hennar familie. Mor diska opp med det aller beste ho hadde. For meg var dette ei av mine aller største opplevingar, nesten meir enn eit eventyr. I vår kvardag kunne uniform og våpen berre berast av ein tysk person, og no sat her brått ein mann av vår eiga slekt i si flotte kapteinsuniform med ein revolver i beltet, medan dei tyske soldatane på fyret gjekk omkring våpenlause. Arnfinn fortalde kort om sine utanlandske krigsopplevingar. Deretter fekk vi høyre at då dei tyske soldatane på Kvernholmen var avvæpna,

måtte dei grave opp jordminene rundt om på holmen. Så kom det uventa norske kravet om manngard i minefeltet. Soldatane vart då i opprør og bad for sine liv.

Ja, krigen var slutt, men ikkje krigens lov. Her var det inga "kjære mor". Straks tok soldatane ein rørende avskjed med kvarandre før det tette og timelange trukket på kryss og tvers av Kvernholmen kom i gong. Tysk grundigheit fornekta seg ikkje her heller. Antal oppgravne miner stemde på ein prikk med det minekartet Arnfinn Roald hadde kravd utlevert av den tyske sjefen på holmen. Etter at dei tyske soldatane vart våpenlause, viste dei seg svært sjeldan i bygda. Før juni måned var omme, hadde alle reist. Kvernholmen var dermed tom for folk.

Ulla fyr vart bygd opp att i betong i 1950. Året etter kom bustadhuset for fyrvaktar og assistent på plass. I 1966 vart Kvernholmen landfast med ei etterlengta gangbru. Den siste fyrvaktaren på Ullafyret var den godt likte Otto Kjerstad frå Lepsøya. I 1975 vart Ullafyret automatisert og avfolka.